



Pressemelding

Bergen 2. november 2009

Bokbåtenesta i Hordaland 50 år!

I haust er det 50 år sidan bokbåten gjekk sin første tur i Hordaland, og starten på bokbåtverksemda i Noreg! Bokbåten er den einaste i landet og ein av få i verda. No legg bokbåten "Epos" ut på jubileumsturen og du kan vere med på feiringa! Frå 5. til 12. november er båten på tur nord i fylket og frå 15. til 27. november i sør. Laurdag 14. november er det open bokbåt dag i Bergen, med framsyningar av legendariske Cirkus Sibylla!

"Mitt bokbåtminne"

er jubileumskonkurransen for folk i alle aldrar. Fristen går ut 1. desember og vi kårer to vinnarar som får kvar sine bokstblar, gåvekort m.m. I juryen sit mellom anna forfattarane og bokbåtvetranane Stig Holmås og Sylvelin Vatle. Les meir her: www.bokbaten.no

"Himmelspringaren" og "Wergeland for dei minste"

Som kulturprogram på nordturen har vi med oss den prisløna forfattaren og illustratøren Sissel Horndal, som fortel frå "Himmelspringaren" - ei historie med både glimt og brodd, om venskap, heltemot og saueliv. Sissel Horndal har illustrert ei mengd norske og samiske bøker og debuterte som illustratør til kokeboka *Ro, ro til fiskeskjær* (1998). Ho har skriva og illustrert biletbøkene *Ei halspastillhistorie* (1998), *Eg er ikkje trøtt!* (2000), *Himmelspringaren* (2008).

På sørturen blir det forteljarteater med framsyninga *Wergeland for dei minste* av og med skodespelar, manusforfattar og vise/folkesongar Karen Høie. Ho har arbeidd med Wergeland sine tekstar i ei årrekke, og har henta fram fargerike forteljingar som høver godt for born. Karen Høie har turnert land og strand med ulike framsyningar, blant anna "*Sangen om Flammen*" (2008) "*Svanene over Irland*" (2007) "*Inn i Peer Gynts rike*" (2006) og "*Fela som sang*" (2004).

Framsyingane høver for eit publikum frå omtrent 4 år og opp til og med mellomtrinnet

Open dag på bokbåten

Laurdag 14. november ligg bokbåten "Epos" til kai ved Blomstertorget i Bergen, og er open for alle som vil vere med å feire 50årsjubileet. Her blir det gratis familieframsyningar av "Gjøglerkofferten" med dei to klovnane i Cirkus Sibylla kl. 12.30, kl. 14.00 og kl. 15.30 med sjonglering, trylletriks og anna moro!

Bokbåten - Vestlandet sitt flytande bibliotek

er eit samarbeid mellom fylkeskommunane i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Fylkesbiblioteka har ansvaret for drifta av bokbåten i kvart sitt fylke.

Stor interesse

Bokbåten kjem to gongar i året og har no 58 stoppestader i 22 av kommunane i Hordaland. På denne turen er det to nye bokbåtstopp; *Lofthus* i Ullensvang og *Misje* i Fjell kommune.

I fleire generasjonar har folk i kystbygdene hatt glede av bokbåten. Opp gjennom åra har tilbodet blitt modernisert og i dag er interessa for bokbåten større enn nokon gong.

Born og eldre

Mange barnehageborn og skuleklassar kjem om bord, og fleire stader alle elevane på skulen. Eldre er også ei

stor brukargruppe.

Bibliotek

Brukarane låner om lag 28000 bøker kvart år. På kvar stoppestad blir det sett i land 250 til 400 bøker. I tillegg til å låne bøker direkte i biblioteket i båten, kan brukarane låne frå dette minibiblioteket på land mellom kvar gong bokbåten kjem. Bøkene er plassert på skulen eller den lokale butikken. Ein kontaktperson på kvar stoppestad har ansvaret for utlånet på land.

Framsyingar

På dei fleste stoppestadene er det framsyingar med forteljingar, musikk eller teater om bord. Programmet er eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken og er støtta av Folkeakademiet i Hordaland. I 2008 var det til saman nær tre tusen til stades på framsyingane.

Følg bokbåten si ferd på nett: www.bokbaten.no

Velkomen om bord!

For meir informasjon:

Ansvarleg for jubileet: Lena Glesnes: 92052859 / lena.glesnes@post.hfk.no

Bokbåtansvarleg: Ritha Helland: 55239371 / 41581174 ritha.helland@post.hfk.no

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt: 55239370 / 95913398 / ruth.ornholt@post.hfk.no

Fylkeskultursjef Ronny Skaar: 55239177 / 93023928 ronny.skaar@post.hfk.no